



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - sektorstab

INTERESSELAGET FOR GALEAS GURINE

Nesvegen 45

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Kristian Helgesen	991 69 403	2024/419-30		04.09.2024

Svar på søknad - investeringstilskot 2024

Eg syner til motteken søknad frå dykk, og handsaming i Levekårsutvalet 4. juni 2024. Interesselaget for galeas Gurine er tildelt kr 71 871 i tilskot til uteområde.

Beløpet vert lagt til utbetaling til dykkar konto 3201 5093 659. Tilskotet må nyttast til omsøkt tiltak.

Tiltaket kan vere søknadspliktig etter plan og bygningslova, og vi rår til å søkje rettleiing hjå avdeling byggesak og geodata i Kvinnherad kommune. For å fylle vilkåra i tilskotsordninga må naudsynt løyve for tiltaket, eventuelt dokumentasjon for at det ikkje er søknadspliktig, leggjast fram for Kvinnherad kommune innan 1. september 2025. Ta med saksnr 2024/419 som referanse ved innsending. Tilskot må betalast tilbake om vilkåra ikkje vert fylt innan fristen

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Kristian Helgesen
Fagkoordinator kultur

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.